



Gulen kommune  
Eivindvikvegen 1119  
5966 EIVINDVIK

Saksbehandlar, innvalstelefon

Arnt Erik Nordheim, 5764 3191

## Lovlegkontroll - Gulen kommunestyre sitt vedtak i sak 79/19

Fylkesmannen viser til varsel om lovlegkontroll 13.11.2018,

### Vedtak

**Med heimel i kommunelova § 27-3 opphevar Fylkesmannen vedtaket frå Gulen kommunestyret 17.10.2019, sak 79/19.**

### Bakgrunn for saka

Gulen kommunestyre handsama den 17.10.2019 under sak 79/19 sak om val av formannskap for perioden 2019 til 2023. Valet vart halde som forholdsval etter kommunelova (2018) §§ 7-5 og 7-6. Gjennomføringa av valet gav følgjande resultat:

#### **Vedtak i Kommunestyret KOM sak 079/19**

*Gulen formannskap i perioden 2019-2023 vert:*

#### **Medlemmer**

Senterpartiet  
Hallvar Oppedal  
Rolf Daniel Midtun

Arbeiderpartiet  
Odd Harald Eide

Høgre  
Ivar Eide

Kristeleg Folkeparti / Venstre  
Ingolf Wergeland

#### **Personlege varamedlemmer**

1. Lars Atle Larsen  
2. Kristin Margrete Byrknes  
3. Lars Magnus Neverdal

1. Bjarte Undertun  
2. Margrete Thune Trædal  
3. Anne Marit B. Oppedal

1. Øyvind Bøe  
2. Kristin Mjanger  
3. Trond Ove Høie

1. Aslak Nyhammer



Av møteboka følgjer det at partiet Høyre fremja protokolltilførsel om å be «...Fylkesmannen sjå på samansetning av Gulen Formannskap ift kjønnsbalanse.»

Fylkesmannen vart ved telefonsamtale 18.10.2019 og e-post 31.10.2019 frå Gulen Høyre gjort kjent med valet, valoppgjæret og samansetninga av Gulen formannskap. Fylkesmannen gav generell rettleiing om reglane i kommunelova. Vi viste elles til Gulen kommune for spørsmål om gjennomføringa av det konkrete valet. Vi gav same rettleiing til kommunen i Skype-møte 04.11.2019.

Den 12.11.2019 mottok vi brev frå Gulen kommune v/ politisk valnemnd, etter at valnemnda hadde vurdert valet og konstitueringa av formannskapet. Nemnda hadde følgjande konklusjon:

*«Nemnda tilrår at valet av formannskap vert oppretthalde, og fylkesmannen må vurdere lovlegheita av valet.»*

Utfyllande grunngjeving frå valnemnda er gitt ved e-post 07.11.2019 og i kommentar frå kommunen 12.11.2019. Grunngjevinga er i hovudtrekk at partia har teke demokratiske omsyn ved samansetting av kandidatlistene til formannskapsvalet, med utgangspunkt i valresultatet.<sup>1</sup>

Grunngjevinga er vidare at det er stor ubalanse mellom menn og kvinner i kommunestyret (15-6), og at kommunen har lukkast med å oppnå minst 40 % av kvart kjønn i dei tre hovudutvala<sup>2</sup> for plan, utvikling og klima, oppvekst og omsorg. Hovudutvala er sett saman på grunnlag av avtaleval etter kommunelova § 7-7. For formannskapet, som var det einaste valet med framsett krav om forholdsval, har ein som nemnt teke utgangspunkt i valresultatet.

Kommunen meiner at reglane om kjønnsbalanse er følgde «*så langt det er mulig*», jf. kommunelova §§ 7-5 og 7-6, i og med at alle kvinner i kommunestyret har fått plass i eitt av dei folkevalde organa. Kommunen stiller spørsmål ved om desse kvinnene har plikt til å sitje i fleire utval for å sikre at reglane om kjønnsbalanse vert følgde. Vidare stiller kommunen spørsmål ved om kravet «*så langt det er mulig*» kan tolkast så strengt som at utvala må vere samansett av personar utanfor kommunestyret. Etter kommunen si erfaring er dette ikkje noko god løysing, idet personar som t.d. er lenger ned på varalistene mv., ofte ikkje har same oversikt og erfaring som kommunestyrerepresentantane.

Kommunen har også teke geografiske omsyn ved samansetting av dei folkevalde organa. Gulen er ein vidstrekt kommune, og kommunen meiner det er viktig at kvar av utvala har kjennskap til forholda i dei ulike bygdene. Kommunen viser elles til reglane i likestillings- og diskrimineringslova, jf. § 28 i denne lova.<sup>3</sup>

## **Regelverk**

Lovlegkontroll med kommunale vedtak er regulert i kommunelova kapittel 27.

Vedkommande fagdepartement kan ta eit kommunalt vedtak opp til lovlegkontroll på eige initiativ når særlege grunnar tilseier det, jf. kommunelova § 27-1. For kommunale vedtak er fylkesmennene delegert avgjerdsrett, jf. rundskriv H-25/92 frå det dåverande Kommunal- og regionaldepartementet. Nærare retningslinjer for lovlegkontroll er gitt i rundskriv H-2299 av 21.10.2013.

---

<sup>1</sup> Fylkesmannen forstår at det er meint den oppslutninga av personstemmer kvar av representantane oppnådde ved kommunestyrevalet 2019.

<sup>2</sup> Jf. kommunelova § 5-7.

<sup>3</sup> I kraft 01.01.2018.



Myndet til å utføre kontroll på eige initiativ skal nyttast med varsemnd. I saker der omsyna til medverknad, openheit eller demokratisk kontroll er sentrale, bør terskelen likevel ikkje vere for høg, sjå rundskriv H-2299 pkt. 6.1.5. Behovet for avklaring av rettsleg tvil er også eit sentralt omsyn bak reglane om lovlegkontroll, jf. rundskrivet pkt. 5.2.

Dersom eit kommunalt vedtak vert teke opp til kontroll, skal Fylkesmannen etter § 27-3 bokstav a til c ta stilling til om:

- innhaldet i avgjerda er lovleg
- avgjerda er teken av nokon som har mynde til å ta slik avgjerd
- avgjerda har kome til lovleg måte

Fylkesmannen skal oppheve vedtaket dersom det er gjort feil som gjer vedtaket ugyldig.

Søksmål mot ei avgjerd om å oppheve eit kommunalt vedtak etter lovlegkontroll, kan rettast mot staten etter reglane i tvistelova § 1-4 a. Fristen for søksmål er seks månader frå lovlegkontrollen vart avgjort, jf. fjerde ledd i den same føresegna.

### **Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen har valt å ta vedtaket i sak 79/19 opp til vurdering på eige initiativ. Vi har lagt vekt på demokratiomsyn og behovet for rettsleg avklaring.

Vi har også førespurnad om lovlegkontroll frå Gulen Høgre ved e-post 14.11.2019, altså etter at vi hadde varsla kommunen om kontrollen. Førespurnaden frå partiet omfattar både valet av Gulen formannskap og valet av dei ulike hovudutvala.

Vi har ikkje funne grunn til å utvide lovlegkontrollen til også å omfatte vala av hovudutvala i kommunen. Desse vala er haldne som avtaleval etter kommunelova § 7-7, og følgjer såleis andre reglar enn formannskapsvalet. Dersom Gulen Høgre har spørsmål knytt til gjennomføringa av dei konkrete vala, må dei stilast til kommunen som rett adressat. Vi har tidlegare gjort partiet merksam på dette.

Lovlegkontrollen gjeld etter dette berre sak 79/19; *Val av formannskap 2019 – 2023*. Vi fastslår først at formannskapsvalet er halde av kommunestyret som rett organ, jf. kommunelova § 7-1 tredje ledd. Det avgjerande i denne saka er derimot om valresultatet er lovleg og om valet er halde på lovleg vis. Vi tek stilling til det siste først.

#### *1. Framgangsmåten for vedtaket*

Formannskapsvalet er halde som forholdsval etter krav frå ein kommunestyrepreressant, jf. kommunelova § 7-4. Valet skal då gjennomførast etter reglane i §§ 7-5 og 7-6.<sup>4</sup>

Ved forholdsval etter §§ 7-5 og 7-6 er det ikkje noko krav om kjønnsbalanse for organet som heilskap. Det er berre krav til representasjon av begge kjønn på dei ulike listeframlegga. For Gulen formannskap, som har fem medlemmer, er det krav om minst 40 prosent frå kvart kjønn på listeframlegga, jf. § 7-5 andre ledd, første setning:

---

<sup>4</sup> Jf. rundskriv H-4/19 pkt. 7.3 flg.



### «§ 7-5 Listeforslag ved forholdvalg

[...]

*Hvis det skal velges fire medlemmer eller flere, skal hvert kjønn være representert med minst 40 prosent blant de foreslåtte kandidatene på den enkelte listen. Hvis det skal velges to eller tre medlemmer, skal begge kjønn være representert. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg av arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene i dette leddet følges så langt det er mulig.»*

Det er berre faste medlemmer i kommunestyret som kan veljast til formannskapet, jf. kommunelova § 5-6 andre ledd. Det er derfor ikkje alltid at det er mogleg å oppfylle kravet om minst 40 prosent frå kvart kjønn på listeframlegget. Eit parti kan ikkje føre opp kandidatar frå grupper eller parti for å oppfylle kravet, med unntak av ved bruk av felleslister frå fleire parti eller grupper.

Grunnlaget for kvar enkelt liste er altså alle dei kommunestyrerepresentantane som høyrer til vedkommande parti eller gruppe. Alle personar som kan veljast, har rett og plikt til å ta imot val til formannskapet. Ombodsplikta er heimla i Grunnlova § 63.

Vi nemner at ombodsplikta for val til formannskapsval er teken ut av § 7-2 i den nye kommunelova.<sup>5</sup> Grunnen til dette er at § 7-2 regulerer val til organ der det også er andre enn kommunestyremedlemmene som kan veljast. For val til kommunestyret og formannskapet følgjer reglane om valbarheit og ombodspunkt direkte av vallova § 3-3 (2).<sup>6</sup> Utgangspunktet er såleis at alle som er valde inn i kommunestyret kan veljast inn i formannskapet for vedkommande gruppe uavhengig av samtykke.<sup>7</sup>

Personane på listeframlegga i sak 79/19 frå kvar av partia går fram av side 1 i dette brevet, jf. også protokollen for sak 79/19. Vi kommenterer listeframlegga kvar for seg.

Listeframlegget frå Arbeiderpartiet inneheld to menn og to kvinner, som alle er kommunestyrerepresentantar. Etter det vi kan sjå er listeframlegget lovleg.

Lista frå Senterpartiet inneheld fire menn og ei kvinne, som alle er kommunestyrerepresentantar. Kravet om minst 40 prosent frå kvart kjønn er ikkje oppfylt. Senterpartiet har to kvinnelege representantar i kommunestyret.<sup>8</sup> Reglane om kjønnsrepresentasjon er derfor ikkje følgde «så langt det er mulig». Listeframlegget er ulovleg.

Listeframlegget frå Høgre inneheld tre menn og ei kvinne, som alle er kommunestyrerepresentantar. Kravet om minst 40 prosent frå kvart kjønn er ikkje oppfylt. Høgre har to kvinnelege representantar i kommunestyret. Reglane om kjønnsrepresentasjon er derfor ikkje følgde «så langt det er mulig». Listeframlegget er ulovleg. Partiet har den 14.11.2019 kommentert bakgrunnen for lista:

*«... Gulen Høgre vil også presisere at lista vår med framlegg til formannskap inneheld ein feil. Ordførar og rådmann er informert om dette .*

*Innlevert liste inneheld 10 namn. Like før innlevering vart det opplyst at kun kommunestyremedlemmer kunne vere vara til Formannskapet.*

---

<sup>5</sup> smnl. § 14 nr. 1 i kommunelova av 1992.

<sup>6</sup> Prop. 46 L (2017-2018) s. 104 og s. 361.

<sup>7</sup> Prop. 46 L (2017-2018) s. 102.

<sup>8</sup> [https://innsyn.onacos.no/gulen/wfinnsyn.ashx?response=moteplan\\_utvalg&fradato=2019-01-01T00:00:00&utvalg=5&](https://innsyn.onacos.no/gulen/wfinnsyn.ashx?response=moteplan_utvalg&fradato=2019-01-01T00:00:00&utvalg=5&)



*Det vart sett strek under Trond Ove Høye<sup>9</sup>, riktig er under Kristin Kvamme Rasch, som er vårt 6 medlem i kommunestyret. (Ein av våre repr. er også i kontrollutvalet, og kan soleis ikkje vere vara til Formannskapet).»*

Fylkesmannen har fått kopi av framlegget som vart levert inn. Dersom strek hadde blitt sett under kandidat nr. 5, Kristin Kvamme Rasch, ville fordelinga mellom kjønn ha vore 60-40, og i så fall lovleg etter kommunelova § 7-5 andre ledd. Fylkesmannen tek dette til orientering. Listeframlegget som er referert i protokollen, som vi føreset vart røysta over, og som var grunnlaget for valresultatet vi har sitert på side 1, er likevel ulovleg.

Listeframlegget frå KrF / Venstre (fellesliste) inneheld to menn. Dei to partia har ingen fleire representantar i kommunestyret. Reglane om kjønnsbalanse er då følgde «*så langt det er mulig*». Etter det vi kan sjå er listeframlegget lovleg.

Etter dette er det på det reine at formannskapsvalet ikkje har kome til på lovleg måte, idet to av listeframlegga som vart røysta over, er i strid med kommunelova § 7-5. Når det gjeld kommunen sitt syn om at ein har følgd reglane så langt som råd, jf. unntaka i §§ 7-5 og 7-6, kommenterer vi dette samla nedanfor, sjå pkt. 3.

Fylkesmannen kommenterer elles at det ifølgje saksframlegget til sak 79/19 er høve til å gjere endringar på røystesetlane; enten ved å stryke kandidatnamn og/eller endre rekkjefølgja på kandidatane på røystesetlane.

Rettleiinga om røystemåten er i strid med kommunelova, jf. § 7-6 andre ledd. Valoppgjeret ved forholdsval skal skje ut frå «*den rekkefølgen de står oppført på det innleverte listeforslaget*». Ordlyden inneber at det ikkje er tillate å gjere endringar på røystesetlane. Dette er nytt ved kommunelova av 2018.<sup>10</sup> Fylkesmannen har ikkje opplysningar som tilseier at slike endringar kan ha påverka innhaldet i valet. Vi føreset at kommunen noterer seg feilen, og er påpasseleg på å følgje rett røystemåte.

## 2. Innhaldet i vedtaket

Vi går no vidare til å vurdere innhaldet i vedtaket, altså sjølve valresultatet. Ved forholdsval skal valoppgjeret skje etter reglane i kommunelova § 7-6. Oppgjeret skjer ved delingstal, ved at ein deler talet stemmer kvar liste har fått på 1,2,3,4 osv. Delinga medfører 2 plassar til Senterpartiet (7 stemmer), 1 plass til H (6 stemmer), 1 plass til Arbeiderpartiet (4 stemmer) og 1 plass til KrF / Venstre (4 stemmer). Den partivise fordelinga faste medlemmer i sak 79/19 er såleis rett.

Reglane om å sikre kjønnsrepresentasjon ved valoppgjeret følgjer av kommunelova § 7-6 tredje ledd. Her heiter det mellom anna at dersom ei liste:

*«...får tre eller færre medlemmer i organet<sup>11</sup>, skal begge kjønn være representert fra listen. Viser det seg at utpekingen etter andre ledd vil føre til at kravene [...] ikke blir oppfylt, skal kandidater fra det underrepresenterte kjønn rykke opp på listen inntil kravet er oppfylt.»*

---

<sup>9</sup> Kandidat nr. 4.

<sup>10</sup> Rundskriv H-4/19, pkt. 7.3.2.

<sup>11</sup> I praksis 2 eller 3.



Senterpartiet har fått to medlemmer i formannskapet. Begge desse er menn, trass i at kandidat nr. 4 på listeframlegget er ei kvinne. Dersom listeframlegget til Senterpartiet hadde vore lovleg, ville såleis valoppgjeret i seg sjølv uansett vore i strid med kommunelova § 7-6 tredje ledd og ulovleg.

Fordelinga av varamedlemmer skal skje etter framgangsmåten i § 7-6 siste ledd. Kvar liste skal tildelast varamedlemmer. Tildelinga skjer ved at ein held fram oppteljinga frå valoppgjeret til plassane for varamedlemmene er tildelte. Vi gjer merksam på at krava til kjønnsbalanse gjeld også for varamedlemmene, men ikkje for rekkjefølgja blant desse. Vi går ikkje nærare inn på dette, ettersom to av listeframlegga er ulovlege i sin heilskap.

### 3. Kommunen sitt brev 12.11.2019

Gulen kommune og politisk valnemnd meiner i brev 12.11.2019 at kommunen har følgd valreglane så langt som råd, jf. unntaka i § 7-5 andre ledd og § 7-6 fjerde ledd (utdrag, vår understreking):

*«... Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare skal bestå av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal reglene [om kjønnsrepresentasjon] følges så langt det er mulig.»*

Kommunen påpeiker at kravet om kjønnsrepresentasjon ikkje er absolutt når det er krav om gjennomgåande representasjon, slik det er for formannskapet. Valnemnda meiner vidare at det i denne saka ligg føre «*særlige forhold som gjør det åpenbart urimelig å oppfylle kravene*» om kjønnsrepresentasjon.<sup>12</sup> Slik vi forstår kommunen, ville det urimelege i denne saka vere:

- stort arbeidspress på dei kvinnene som sit i kommunestyret, og som eventuelt vert pålagde å delta i fleire utval
- at kommunen eventuelt må velje inn nokon i hovudutvala som ikkje sit i kommunestyret, og som ikkje har same politiske oversikt eller erfaring
- at dei folkevalde organa kan få ein samansetnad som ikkje sikrar kjennskap til alle delar av kommunen
- at kommunen ikkje kan peike ut «*i samsvar med valresultatet*» til formannskapet, dvs. ut frå kven som har størst oppslutnad i tal personstemmer

Kommunen sin konklusjon er ikkje i tråd med lova. Vi kan ikkje sjå anna enn at argumenta ovanfor botnar i lokale ønske om ei bestemt organisering, og som set til side krava om kjønnsrepresentasjon i kommunelova §§ 7-5 og 7-6.

Vi nemner først at reglane om kjønnsrepresentasjon skal praktiserast strengt, og at det ikkje er nemneverdig rom for lokalt skjønn. Slik vi les ordlyden «*så langt som mulig*», betyr dette så langt som praktisk mogleg, ikkje ut frå kva som er opportunt eller byrdefullt.

Alle representantane frå eit parti eller ei gruppe i kommunestyret, utgjer grunnlaget for vedkommande liste til formannskapsvalet. Eit listeframlegg skal m.a.o. innehalde minst 40 % av begge kjønn i dei tilfella det finst både mannlege og kvinnelege kandidatar.<sup>13</sup> Skal det nominerast 6 personar, må kjønnsfordelinga vere 3-3 for at lista skal vere lovleg. Dette vil ikkje vere mogleg

---

<sup>12</sup> Jf. omtalen i NOU 1990:13, s. 116 og s. 379.

<sup>13</sup> Jf. døma i rundskriv H-23/03, H-10/07, H-4/11, H-12/15 og gjeldande rundskriv H-4/19, s. 21-22.



dersom ei kommunestyregruppe t.d. består av 8 menn og 2 kvinner. I og med at kravet skal følgjast så langt som mogleg, må lista i eit slikt tilfelle innehalde 4 menn og 2 kvinner.

Kommunen skriv at alle kvinnene i kommunestyret er brukte i eit av dei andre folkevalde organa i kommunen. Vi kan ikkje sjå at dette er særleg relevant. Kommunelova inneheld ikkje noko forbod mot at ein representant kan sitje i fleire folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet.<sup>14</sup>

For formannskapet er det berre kommunestyremedlemmer som kan veljast, medan t.d. medlemmer i hovudutval kan veljast frå ein langt vidare krins, jf. kommunelova § 7-2 tredje ledd. Dersom kommunen er uroa for arbeidsbyrda for kvinnelege representantar i kommunestyret, ville det vere naturleg å velje andre enn kommunestyrepraesentantar til hovudutvala, slik at lovbestemte krav til kjønnsrepresentasjon i formannskapet kan oppfyllest.

Vi kan på ingen måte sjå at ei slik ordning ville vere «åpenbart urimelig» for det einskilde politiske parti, eller for kommunen som heilskap. Manglande politisk erfaring eller oversikt for dei som då eventuelt vert innvalde til hovudutvala kan kompenseras på annan måte, t.d. ved folkevaldopplæring.

Det er elles klart at kommunens ønske om å berre nytte kommunestyrepraesentantar i utval, og at desse personane då ikkje kan sitje i formannskapet, må vike for reglane om kjønnsrepresentasjon.

Ved lovendring i 1999 vart det fastsett at kommunestyret ikkje kunne avgjere at medlemmer av folkevalde organ, berre skulle veljast blant kommunestyremedlemmene. Kravet om gjennomgåande representasjon gjeld i dag berre der dette er fastsett «etter lov», jf. dagens §§ 7-5 og 7-6. Vi viser til omtalen i Ot.prp.nr. 20 (1998-1999) pkt. 3.3; *Gjennomgåande representasjon*;

#### **«3.3.4. Departementets merknader og forslag**

[...]

##### ***Er noen «mer ekte folkevalgte» enn andre?***

*Kommuneloven legger ikke opp til noen forutsetning om at det bare er kommunestyremedlemmene som er de «ekte folkevalgte» eller at bare disse er egnet til verv i utvalg som håndterer store budsjetter. Gjennom bestemmelser om valg til formannskap, og bestemmelser om budsjettbehandling og delegering av myndighet, sørger loven for at kommunestyret/fylkestinget har styring med de mest prinsipielle sakene. Når det gjelder delegasjon til utvalg, gjelder elles lovens bestemmelser likt, uavhengig av om utvalget bare består av kommunestyremedlemmer eller om utvalgsmedlemmene er indirekte valgt.*

*Det kan vel også diskuteres hva som er med «demokratisk». På den ene side bør velgernes ønsker og valg respekteres. På den annen side er det i et demokratisk aspekt også viktig at personer av ulikt kjønn, alder osv deltar i lokalpolitikken.*

[...]

##### ***Vil enkelte kvinner kunne bli tyngre belastet med verv?***

[...]

*Ved å innskrenke dagens adgang til å fravike reglene om kjønnsfordeling ved å treffe vedtak om gjennomgåande representasjon, kan man oppnå å skjerme kvinnene i kommunestyret/fylkestinget hvor de er svakt representert. Kommunestyret må da finne personer av det underrepresenterte kjønn utenom de faste medlemmene. Riktignok vil man ikke kunne forsikres mot at enkelte likevel «presses» til å påta seg mange verv. Men situasjonen vil uansett ikke bli verre for kvinnene enn den er i dag, til tross for at reglene om kjønnsrepresentasjon innskjerpes.»*

---

<sup>14</sup> kompl. § 7-3 tredje ledd.



Kvinnelege kommunestyrerepresentantar som kan veljast til formannskapet, må derfor førast opp på listeframlegg til formannskapsvalet, så langt det er nødvendig for å få ei lovleg samansett liste. Det er ikkje høve til å legge vekt på at desse også er valde til andre utval, med unntak av kontrollutvalet.

Avslutningsvis kommenterer vi kort kommunen sitt syn om at formannskapsmedlemmene bør utpeikast i samsvar med valresultatet og talet personstemmer. Slik vi ser det, er eitt av formåla med reglane om kjønnsrepresentasjon nettopp å motverke og førebyggje den skeivfordelinga ei slik utpeiking kan gje.

Heller ikkje formålet om geografisk representativ fordeling kan setje til side formålet med kommunelova §§ 7-5 andre ledd og 7-6 fjerde ledd. Manglande kunnskap om dei ulike bygdene i kommunen må eventuelt kompensera på annan måte, tilsvarande som ved vanleg kursing og politikaropplæring.

Når det gjeld tilvisinga til likestillingslova, viser Fylkesmannen til at gjeldande likestillings- og diskrimineringslova § 28 fjerde ledd viser direkte tilbake til krava i kommunelova, som gjeld.

#### *4. Oppsummering. Følgjene av lovlegkontrollen*

Vedtaket i sak 79/19 har ikkje kome til på lovleg måte. To av listeframlegga er i strid med kommunelova § 7-5. Rettleiinga i saksframlegget om at det er høve til å endre røystesetlane, er heller ikkje i samsvar med lova. Når valet er gjennomført på bakgrunn av ulovlege listeframlegg, er heile formannskapsvalet ugyldig, jf. rundskriv H-12/15, H-23/03 og H-5/96 mfl.

Vedtaket i sak 79/19 har eit ulovleg innhald. Reglane om kjønnsrepresentasjon i kommunelova § 7-6 er ikkje følgde så langt som mogleg ved valoppgjeret.

Følgjene av lovlegkontrollen er at Gulen kommune ikkje har eit lovleg valt formannskap. Formannskapsvalet må etter dette haldast på nytt, på grunn av feil ved valgjennomføringa og valresultatet.

Nytt formannskapsval må gjennomførast ved at kommunestyret vert sett, om nødvendig ved særskilt innkalling i medhald av kommunelova § 11-2 andre ledd eller § 11-8 om hastesaker. Valet må deretter skje på bakgrunn av lovleg samansette lister etter § 7-5 andre ledd, rett framgangsmåte, og eit valoppgjer som tek omsyn til regelen i § 7-6 tredje ledd.

Fylkesmannen er kjent med at formannskapet etter fastsett møtekalender skal ha møte den 21.11.2019. Ettersom formannskapet ikkje er lovleg valt, legg vi til grunn at kommunen vil halde nytt formannskapsval før formannskapsmøtet vert sett, alternativt utset det planlagde møtet i formannskapet.





Det er ikkje klagerett på Fylkesmannen sitt vedtak. Søksmål mot avgjerda om å oppheve formannskapsvalet kan rettast mot staten innan seks månader, jf. tvistelova § 1-4 a.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
assisterande fylkesmann

Anne Kristin Kayser Eitungjerde  
seksjonsleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*